

**Fra:** Erlend Trones (erlendtr@gmail.com)

**Sendt:** 18.10.2015 19:00:18

**Til:** Fylkesordførar; ag.hestetun@gmail.com; Sveinung Valle; kari@lo-bergen.no; Helge Nævdal; Benthe Bondhus; Pål Kårbø; audkarino@hotmail.com; Tom Sverre Tomren; marikjellesvik@gmail.com

**Kopi:**

**Emne:** Ferjetilbodet mellom Ullensvang aust og vest

**Vedlegg:**

Hei!

Eg tek kontakt med dykk i samband med at det no har kome eit nytt fleirtal i fylkesutvalet, der dei partia som var imot den kraftige reduksjonen av ferjetilbodet mellom Utne og Kinsarvik no er komne i fleirtal.

Eg er ein vanleg innbyggjar i Ullensvang herad, og ikkje politisk engasjert. Men eg tykkjer det er forferdeleg ille at ferjetilbodet som heldt kommunen vår samla, no er nesten lagt ned på ettermiddags- og kveldstid, og eg føler difor sterkt behov for å seia frå om at dette slett ikkje er greitt.

Nedskjeringa vart iverksett 1. oktober, og det går hardt utover både sosialt liv, lagsarbeid og næringsliv her i kommunen. Eg vil her fortelja om dei problema eg kjenner best til, men eg veit det er mange andre her som får liknande vanskar pga. ruteomlegginga. Fjorden er i ferd med å gå frå å vera ei ferdselsåre til å verta eit uoverstigeleg hinder mellom dei to halvdelane av lokalmiljøet vårt.

Eg er med i to lokale lag, Ullensvang mållag og Bygdeboknemnda for Ullensvang. Som dei fleste lokale lag, er det folk frå begge fjordsidene med i desse laga. Når det utanom to dagar i veka ikkje går ferje attende frå Kinsarvik etter 17.40, og ingen ferjer frå Utne etter 18.15, er det vorte mykje vanskelegare å finna møtedagar som høver. Ofte må ein forlanga av dei som reiser over fjorden at dei må "køyra "rundt". Det er ein lang tur som tek kring to timar, og som fylgjer ein smal og svingete veg på austsida av fjorden, med fleire rasutsette parti. Om me heretter skal forlanga av folk å køyra lange vegar dersom dei tek på seg eit verv, vert det vanskeleg å få folk til å engasjera seg. Kommunepolitikarane her skildrar liknande problem for dei som er deltek i politiske møte lokalt.

Sjølv er eg busett på austsida av fjorden, kring 40 km frå Odda. Foreldra mine bur om lag like langt frå Odda på vestsida av fjorden. Før kunne eg besøka dei ofte om helgane, utan at det var noko stort tiltak, og eg kunne nyta gode sundagsmiddagar hjå dei før eg reiste heim på sundagskvelden. No går ferja kl. 17.15 frå Utne, slik at eg må forlata dei og reisa heim før måltidet som gjerne fungerer som samlingspunkt for familien, vert servert. Sidan det sosiale livet alltid har gått på tvers av fjorden, har svært mange slekt eller vener på hi sida av fjorden, som dei gjerne vil oppretthalda kontakten med.

Far min køyrer lastebil, og han fraktar presseple frå fruktlageret på austsida til presseriet på Aga på vestsida. Han vert òg råka av endringane, og må heretter ofte køyra rundt med lastebil eine vegen pga. det 4 timar lange gapet mellom 9.25 og 13.25, der det ikkje går ei einaste ferje. (Mannskapet vert lønt to av timane, og avspaserer to timar. Kvifor kunne dei ikkje få teke ein tur over fjorden i timane dei vert lønte??). Det er ein ekstra belastande tur med lastebil på den tronge rv. 13, der ein med lastebil må bremsa ned eller stogga for nesten all møtande trafikk.

Museet på Utne har dei seinaste åra revitalisert det sosiale livet på vestsida ved at dei er aktive med å skipa til ulike kulturarrangement og quizar. For å oppretthalda det er dei avhengige av både aktive aktørar og publikum frå austsida òg. Dersom desse ikkje kan ta ferja, vert terskelen for høg til at ein kan venta noka form for deltaking frå folk på austsida.

Livet vert fattigare i Ullensvang dersom denne endringa som Høgre, Frp og Venstre tvinga gjennom, vert ståande. Det frivillige lagsarbeidet i Ullensvang vert kvelt, sosialt liv lid, og det er fordyrande for næringslivet. Argumentet deira om at Hardangerbrua har teke over trafikken er meiningslaust, for brua går ikkje til vestsida.

Eg vil be om at fylket gjenopprettar det ferjetilbodet me hadde, slik at me får ein ferjetrafikk som er jamt fordelt

utover heile dagane og kveldane. Serskilt er det vanskeleg for oss å leva med at fredags- og sundagskveldane er ferjelause, men me treng det øvrige ferjetilbodet som vart fjerna òg.

Lat oss gjera det beste ut av den fjorden som går gjennom kommunen vår!

Med venleg helsing

Erlend Trones

Ullensvang-buar